

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

skyss 



Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørge

Vår ref.: 2022/6945-49

Dykkar ref.:

Bergen, 22.09.2022

Orientering om årleg ruteendring 2022

Skyss vil med dette informere om status for prosess og tiltak knytt til årleg ruteendring 2022. Årleg ruteendring er ei fast ordning, der vi med bakgrunn i innspel frå kommunane, operatørar og våre reisande vurderer moglegheit for forbedringar innanfor det eksisterande tilbodet. Hovudutval for samferdsel og mobilitet er også nyleg orientert om ruteendringsprosessen for 2022 (SAMO, RS-72/2022).

Om prosessen

I januar i år vart det gjennomført to regionale møter, der alle kommunar og regionråd var inviterte. I tillegg til innspela som kom fram i desse møta er det gitt skriftlege innspel frå 33 kommunar og regionråd. Det er og eit stort omfang kundeinnspel og innspel frå våre operatørar for buss, båt og ferje. Alle innspel er gjennomgått og vurderte.

Årleg ruteendringsprosess gir ein nyttig arena for dialog om rutetilbodet i fylket. Vi ser likevel utfordringar i korleis prosessen er lagt opp:

- Ruteendringa er avgrensa til å gjelde omprioriteringar eller justeringar i rutetilbodet innanfor eksisterande tilbod. Denne type prioriteringar krev god innsikt i det lokale rutetilbodet og transportbehovet, og som kan vere krevjande for kommunane å ha god nok informasjon om.
- Mange innspel gjeld ønskje om tilbodsforbetringar, som til dømes fleire avgangar, større kapasitet eller nye mobilitetsløysingar som bestillingsbasert transport. Dette er tiltak som ikkje kan løysast utan fleire ressursar.
- Prosessen for innsamling av informasjon er ressurskrevjande, både for kommunane og for Skyss. Fleire kommunar har lokal involvering og politisk handsaming. Innspela vert sendt som brev, og Skyss må manuelt systematisere alle innspel for vurdering. Til dømes er det frå ein kommune i år



gitt forslag om 17 tiltak, og det samla talet på innspel er svært omfattande. I tillegg kjem innspela gjennom kundeservice og frå operatør.

- Regionvise møter i 2022 gav verdifull informasjon om viktige prioriteringar i kommunane, men gjaldt i stor grad problemstillingar som ligg utanfor rammene for årleg ruteendring. Kommunane sine planar og prioriteringar vert ikkje endra frå år til år, og er difor ikkje like relevant å legge fram gjennom årleg dialog.

Skyss vurderer å gjere nokre justeringar i korleis vi legg opp prosessen for komande år, slik at det vert opplevd relevant og føremålstenleg for alle partar. Det skal framleis vere dialog, årleg gjennomgang av rutetilbodet og politisk orientering om endringar som vert satt i verk, med grunnlag i føringane som er gitt gjennom politiske vedtak.

Tiltak hausten 2022

Med bakgrunn i innspela som er kome inn, er det gjort mindre justeringar i rutetilbodet i delar av fylket. Nokre av tiltaka gjeld frå 15.08.22, og andre er sett i verk på andre tidspunkt på året der dette har vore meir tenleg. Enkelte endringar er særleg knytt til skuleskyss, men som også kan gi ei forbetring for andre reisande. Tabellen under viser tiltak frå 15.08.22.

Kommune	Tiltak
Askvoll	Bussruta køyrer via Bulandet skule på skuledagar, og vert ikkje lenger bestillingsrute.
Bømlo	Bussrute morgon Leirvik-Sortland er justert som ønska, for betre korrespondanse med båt på Rubbestadneset.
	Rutetid på kveldsavgang buss Langevåg-Eidesvik er justert som ønska.
Eidfjord	Rutetid buss på morgon frå Øvre Eidfjord er justert som ønska.
Fitjar	Det er satt inn ny bussavgang frå Fitjar terminal 07.00 til Sandvikvåg 07.10 skuledagar, for å gje tilbod til skuleelevar frå Fitjar v/Austevoll vgs.
	Ein bussavgang Leirvik-Sandvikvåg søndag vert endra til å gå på austsida av Storavatnet.
Gloppen	Bussrute ettermiddag frå Firda vgs mot Innvik køyrer via Søreide/Ryssdal.
Hyllestad	Det er oppretta ei bussrute frå Vadheim kl.17.27 fredag skuledagar, som har korrespondanse. i Lavik med ferje og buss til Rysjedalsvika. Dette for at skuleelevar frå Sogn kjem seg heim til helga.
Kinn/Stad	Bussruta frå Florø kai om morgonen vert endra til å køyre via Florø lufthamn. Dette gir korrespondanse til Kystvegekspressen i Florø.
Kvam	Rutetid for skulebuss frå Kvam vgs tirsdag og torsdag er justert som ønska.
Stad	Også skuleruta morgon får endestopp Leikanger, slik at alle bussruter til frå Stadlandet har endestopp i sentrum av bygda.
Tysnes	Justeringar i båtruta Reksteren-Våge-Os for betre tilpassing til skuletider ved Os vgs og Os gymnas.

Vi nyttar høve til å takke for god dialog og samhandling i årets ruteendringsprosess.

Med vennleg helsing,



Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Vigdis Robak Bjørge
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift